



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
13.11.2025 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, , Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Aud Grimstad, Asbjørg K. Hetlesæter, og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Magnhild Meltveit Kleppa, Liv Laugaland

Møtande varamedlem: Susanna Poulsson og Bente Tednes Gjil

SAK 00/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste.

SAK 00/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 11.09.2025

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll frå møtet 11.09.2025.

SAK 34/25 ORIENTERINGAR

- Personalsituasjon
- Søknad Kirkebevaringsfondet
- Omlegging frå Kirkedata til Kirkepartner
- Rapportering Kirka vår
- Besøk frå Vindafjord vedr. samanslåing av sokneråd

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 35/25 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR 2026

Vedtak:

Val av leiar vert Leif Ole Terøy og val av nestleiar vert Olav Frantzen.

SAK 36/25 REKNESKAPSRAPPORT

Vedtak:

Framlagt rekneskapsrapport hittil i år, januar – oktober vert teke til orientering.

SAK 37/25 DISPONERING AV OVERSKOT/UNDERSKOT 2025

Vedtak:

Disponering av overskot i driftsrekneskapen blir avsett til fond drift og vedlikehald. Underskot blir overført frå fond drift.

Disponering av overskot i investeringsrekneskapen blir avsett til fond for investering. Underskot blir overført frå fond for investeringar.

Disponeringane vert gjort etter nærare vurdering når årsresultat føreligg.

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd vedtek å opprette eit investeringsfond.

SAK 38/25 BUDSJETT DRIFT 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til driftsbudsjett for 2026 er 4,1 mill. Fellesrådet søkte om driftstilskot på kr. 4 170 000,-.

Kommunen arbeidar med omstilling og innsparingar og det vil inkludere kyrkja på lik linje med kommunen sine innsparingar i avdelingane.

Vedtak:

Kommunedirektørens budsjettforslag for drift vert teke til orientering.

SAK 39/25 BUDSJETT INVESTERING 2026

Kommunedirektøren sitt forslag til investeringsbudsjett er kr. 300 000,-. Investeringsmidlane skal setjast av til framtidige investeringar særskilt med tanke på kyrkjebygg som har store behov for vedlikehald av tak til tre kyrkjer.

Forslaget til kommunedirektøren er svært lavt med tanke på dei store kostandane som ligg framføre oss.

Kyrkjeverje har laga uttale til forslag til investeringstilskot frå kommunedirektøren. Uttalen er sendt til alle kommunestyrerepresentantane til informasjon.

Kyrkjeverja har foreslått at fellesrådet søkjer kommunen om å opprette eit tak fond. Det er forslag om at det skal setjast av kr. 1,5 mill. kvart år i 15 år, frå 2026 til 2041.

Vedtak:

Fellesrådet foreslår for Hjelmeland kommune at det blir starta avsetning til investeringsfond for skifte av kyrkjetak, t.d. med kr. 1,5 mill. årleg i 15 år.

SAK 40/25 KYRKJEVALREGLER HØYRING

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd er ikkje høyringsinstans. Det er Hjelmeland sokneråd som kan uttale seg i denne saka.

Forslag til omlegging av dato for valet, det skal ikkje være samstundes med det kommunale valet.

Valet skal i hovudsak være digitalt, men med moglegheit for å komme på kyrkjekontoret for å få hjelp til å stemme digitalt eller på papir. Det er mogleg å ha val med papir etter ein gudsteneste innanfor valperioden.

Etter det nye forslaget vil det ikkje være krav om at kvert sokneråd skal ha 10 medlemmar inkl. vararepresentantane. Dersom det ved valet ikkje blir nok soknerådsmedlemmar er det høve til å halde ekstra val for å fylle opp med fleire medlemmar, etter det antal som er bestemt.

Endringa vil spare fellesrådstilsette og soknerådsmedlemmane for mykje arbeid og Kirkerådet for mange millionar.

Vedtak:

Fellesrådet er positiv til forslag til omlegging av kyrkjevalsreglane.

SAK 41/25 YMSE

Forslag til møtedatoar for 2026. På grunn av ferie og kommunestyremøte er det gjort endring i møtedato, endring er markert med rødt i vedlegget.

Søknad frå Kyrkjekoret om å få tilskot til korseminar på kr. 5 000,- .

Vedtak:

Møtedatoar er førebels og kan endrast etter behov.

Søknad frå kyrkjekoret er innvilga